



Referat Vikebygd Grendautval 27.10.20

Til stede: Gunn, Gunnar, Stein Andor, Espen og Håvard

Stad: Bygdahuset

Saksliste:

- Møte med Kværner
- Div saker

Kværner;

Kværner stilte med 2 stk, prosjektlederen og ein direktør(?).

Kværner forteller at planen er å være ferdig med prosjektering til jul og starte med betongarbeid på Stord i januar. Grunnet covid er alt meir krevende og ting er litt meir uvisst. Sjølve arbeidet som skal skje på Dommersnes skal etter planen starte i slutten av april, men opparbeiding av område vil muligens starte snart. Dei fortell at det på topp vil vere rundt ein 100-120 arbeidere, og det vil bli lagt opp til døgn drift.

Det har vore ein del spørsmål om veg og transport og Kværner ser problemet med vegen og vil prøve å ta mesteparten sjøvegen. Alt armering vil gå på tungtransport med semi. Ellers blir det meste andre tatt med båt/lekter.,

Kværner føler dei har ein god dialog med kommunen og føler seg velkomne i Vikebygd. Det er tydligt på dei at dei ser nytten av å ha god kommunikasjon med Vikebygd/VGU.

Kværner er på jakt etter utleige bustad. Så viss nokon har leilighet/hytte/hus til leige ber me dei kontakta VGU så vidareformidlar me det videre.

DiV:

Vikevegen:

Vikevegen var som vanligt oppe. Det er gjort div «vedlikehold» av vegen som virkar ufornuftig på mange. Gunn har vore i kontakt med kommunen om det (Anne Sofie), og vegen blir tema på planlagt møte mellom kommunen og fylket i starten av desember. Befaring kan vere aktuelt i den samanheng.



Tomter:

Gunnar kom med eit svært godt forslag om å gå i saman med Bjoa, Imsland og Vikebygd og prøve å få tomteselskapet til å ha kampanje/avslag på nokre tomter i dei minste bygdene. Starter med og kontakte dei andre grendeutvalga

Barne og Skulebruksplan:

FAU har spelt in om samarbeide. VGU forhører seg om oppstart møte

Posten

Det kan sjå ut som posten ikkje leverer når dei skal, og nokon har ikkje fått posten sin den dagen dei skal. VGU sjekker om dette er problem fleire plasser og tar saken evt videre. Vist nokon andre ikkje har fått posten sin når dei skal ber me om at dei kontakter VGU